



Notat

Dato: 18.09.2014
Arkivsak: 2014/21103-2
Saksbehandlar: hilklep

Til: Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rutetilbod Hardanger-Voss

I fylkesutvalet den 28. august 2014 sette Nils-Olav Nøss fram fylgjande oversending:

Stiller spørsmål ved rutetilbod for buss frå Indre Hardanger til Voss og manglande korrespondanse mellom buss og tog.

Ønskjer oversyn over denne korrespondansen, og framlegg til kva som kan gjerast for å styrka denne.

I høve til korrespondanse mellom buss-tog på Voss, er det viktig å ha med i vurderinga at alle rutene til/frå Hardanger har korrespondanse lenger sør. Dersom vi endrar avgongstidene og ankomstidene på Voss, kan dette føre til at andre korrespondansar som til dømes skuleskyss, vert brotne. Konkret er desse punkta; Granvin, Bu, Odda, Seljestad, Kvanndal, Utne og Norheimsund.

Vedlagt fylgjer oversyn over korrespondanse mellom Skyss og NSB ved Voss stasjon. Oppsettet er delt i tre; mandag-fredag, laurdag og søndag.

Ulike tiltak kan gjerast og vert gjort for å styrka korrespondansen:

- Dersom ein skal oppnå å korrespondere med fleire tog, må produksjonen aukast. Dvs fleire bussar må setjast i rute.
- Enkelte turar kan justerast for å korte overgangstida på Voss. Dette vert gjort ved kvar einaste ruteendring.

